



Jublende kretsmeistrar etter finalekampen.

4 Uskedelinger var med på samarbeidslaget til Trio-Rosendal-Halsnøy som i går vann kretsmeistertittelen i G19 årsklassen, junior. Dei 4 kretsmeistrane frå Uskedalen er Hans Fredrik Zimmer, Stian S. Myklebust, Marius Myklebust og Sondre Myklebust. Finalen mot Fyllingsdalen 2 vart spela på Varden Amfi.

Første omgang var jamnspela med eit lite overtak av kvinnheringane, og stillinga etter første omgang var 0-0.

Andre omgang starta friskt, og kvinnheringane tok over spelet og skapte fleire gode sjansar. Om lag halveges i omgangen fekk dei løn for strevet, og Martin Veastad frå Herøysundet dukka opp framfor målet, og dermed stod 1-0 til kvinnheringane. Det stod seg heilt til siste speleminuttet. Då fekk Fyllingsdalen ein corner som dei sette inn, 1-1.

Det vart spela ekstraomgangar, men utan mål i dei, gjekk det til straffesparkkonkuransen. Den vant Kvinnheradslaget etter eminente redningar av målmann Mats Ekeland. Han imponerte med å redda alle straffane frå Fyllingsdalen. Sigeren vart til slutt 3-1 til kvinnheringane.

Hovudtrenar Raymond Bård Olsen, saman med gode krefter frå alle klubbane, må ha ros for å gjera dette mogeleg. Saman som kvinnheringar får vi dette til!



Marius, Hans Fredrik, Sondre og Stian kan smykke seg med velfortent kretsmeistertittel.

Tekst og Foto: Ragnvald Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland